



REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 2013 JØSNESET BYGDARÅD

**20.februar 2013 klokka 19.00
i Trivelsstova.**

Frammøte:

Frå Bygdarådet møtte Berit S. Hjorteland, Silje Sværen, Sven G. Westersjø og Ola Skiftun.

Ellers møtte 10 personar.

Årsmøtesaker:

1. **Møteleiar:** Berit S. Hjorteland
2. **Innkalling og saksliste** blei godkjende med merknad: Saker som skal opp på årsmøtet må meldast inn 14 dager før møtet.
3. **Årsmeldinga** blei lese gjennom og godkjend. Under punktet om Gapahuken blei det nevnt at det må kjøpast inn ny gjestebok og at bålpanna ikkje må brukast inne. Det er og ein del planering til teltplass som ikkje er ferdig. Me ser på dette i forbindelse med planlagt dugnad.
4. **Rekneskap** blei gått gjennom og godkjend. Det blei spørsmål om ny fordeling av fellesutgifter mellom laga. Support og drift av nettsida kostar ein del, og det er behov for litt utbetringar både i Trivselstova og Gapahuken. Bygdarådet vil drøfta dette på møte.

Ellen Mari Fosså la fram rekneskap for 17.mai-komiteen.

5. **Årsmelding og rekneskap for Jøsneset Bedehus** blei lagt fram av Gjerd Skiftun.

6. **Val.** Helga Havneraas møtte for valnemda. Valnemda si innstilling blei einstemmig vedteke:

Berit S. Hjorteland, leiar for 1 år
Odd Fosså, styremedlem for 2 år
Cesilie Waaland, styremedlem for 2 år
Sven Westersjø, styremedlem for 2 år
(Silje Sværen var ikkje på val og har 1 år igjen som styremedlem)

Varamedlemmer:

Knut Foss, 1 år
Ola Skiftun, 1 år

Revisor: Det har vore vanlig å få rekneskap revidert, og dei siste åra har Sigbjørn Nesvik vore revisor. Det står ikkje noko om krav til revisor i vedtekten, men årsmøtet var enige om at dette burde bli innført.
Bygdarådet skriv forslag til vedtektsendring som blir lagt fram på neste årsmøte.

Valnemd:

Helga Havnerås, 1 år igjen
Olga Hjorteland, 2 år igjen
Paul Olav Skiftun, gjenväl for 3 år

7. **Eventuelt.**

Svanhild informerte om endringar på nettsida: Kalenderen kjem tilbake, og nettsida vil få ny utforming tilpassa nett Brett og smarttelefon. Me vil fortsatt ha driftsavtale med Norsk Plan, sjølv om dette kostar litt.

Svanhild etterlyste at fleire av Bygdarådet sine saker kom ut på nettsida, og at fleire kom med små og store saker til sida.

Det blei bestemt at «driftsgruppa» (Svanhild, Jorunn og Silje) skal møtast for å rydda opp i info på sida og bli betre på drift.

Skiftun 10.03.2013

Silje Sværen